

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

OED
Postboks 4148 Dep
0033 Oslo

Dykkar ref.:
08/1793-
Arkiv:

Dykkar dato:

Vår ref.:
10.2-N/09-PAK/SWB

Vår dato:
22.08.2013

Tilhøve til villrein i innstilling til konsesjon for Gravdalen Kraftverk, Lærdal i Sogn og Fjordane


Villreinnemnda og villreinutvalet ynskjer med dette å kome med nokre tilleggsopplysningar me meiner er særleg viktige å ha med i kunnskapsgrunnlaget når konsesjonssaka om kraftverk i Gravdalen skal vurderast. Me gav begge høyringsuttalar i saka under den formelle høyringa i 2009 (hhv ref. 10-N/09-PAK/SWB og brev datert 22.05.2009). Me meiner resultata frå gps-merkeprosjektet i Nordfjella som har kome i etterkant (presentert i Strand et al 2011, vedlagt) bør følgje som ein viktig del av saksdokumenta.

Den lokale villreinforvaltninga reagerer på den innleiande teksten i NVE sin innstilling til OED. Teksten oppsummerer saka, og er med det eit svært viktig avsnitt, som vil følgje omtaler av saka i mange samanhengar. Her vert det sagt at interesseorganisasjonar knytt til villrein og friluftsliv går i mot å gje løyve medan lokale og regionale styresmakter er positive til søknaden. Me vil påpeike at villreinnemnda ikkje er ein interesseorganisasjon, men ei politisk vald, statleg tilsynsnemnd. Me vil dernest minne om konklusjonen i Direktoratet for Naturforvaltning (no Miljødirektoratet) si høyringsuttale, der første setning seier «*Vi konkluderer på bakgrunn av hensyn til villrein med at konsesjonssøknaden bør avslås.*». Me synes NVE i sitt samandrag forsøker å bagatellisere konflikten med villrein ved å framstille det slik at det berre er særorganisasjonar for villrein som argumenterar mot konsesjon når konsesjonen faktisk er fråradd av eit anna direktorat.

Sett i lys av vesentlege inngrep som reduserer i trekkmoglegheitene mellom aust og vest i villreinområdet, langs ei akse frå Gravdalen som ligg i ytterkant av villreinområde i nord og heilt sør til Fv 50, vert verdien av den berørte trekkruta ytterlegare understreka. Dette momentet er tillagt stor vekt i høyringsuttalen frå Direktoratet for Naturforvaltning (no Miljødirektoratet). I NVE sine kommentarar seier ein lite om konsekvensen for trekkmoglegheitene i eit overordna perspektiv. Eit særleg viktig poeng i saka er at me her snakkar om eit av dei få av store, viktige trekkruoter der dyra framleis har høvesvis «fri ferdsle» mellom austlege og vestlege delar av villreinområdet. Dei same trekkmoglegheitene påverkar og i svært stor grad dyra sin tilkomst til kryssingspunkt av Fv50. Denne vegen er ein barriere som nesten delar villreinområdet i to (nord og sør).

I sakshandsaminga syner ein til eigen KU for tema villrein (Eftestøl og Colman 2008) og NINA rapport 634, Villreinen i Nordfjella, status og leveområde (Strand et al 2011). I sistnemnde rapport er Gravdalen halde fram som eit fokusområde. I NVE sine kommentarar har ein ikkje teke resultata frå GPS-merkeprosjektet, som vert synt til i NINA-rapporten, på alvor. Figurane reinen har teikna meir enn bekreftar KU'en sin konklusjon om at området er viktig og sårbart. Dei syner at dette ikkje berre er ein trekkveg til kalvingsområdet, men også ein del av kalvingsområde med aktivitet både på austsida og vestsida, så vel som nede i sjølve Gravdalen. Dei syner at **hovudtrekket** i område går direkte over den plassen kraftverket er planlagt lokalisert.

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd



Figur 1 Plassering av kraftverket i forhold til gps-dokumentert trekkroute (venstre) og gps-plott i kalvingsperioden inkl. linjer som viser trekk. Kartfigurer henta frå Strand et al 2011.

I NVE sin kommentar vert det sagt at plasseringa av trekk/kryssing truleg skuldast vintertapping i elveløpet mellom Kvevotni og Gravdalen bekkeinntak. Hovudproblemet med denne tappinga er at kanalen gjennom Gravdalen vert open om vinteren. Men dette skjer tidleg på vinteren, i ein periode med låg bruk av rein. Elveleiet er igjen tørka ut når det nærmar seg vårtrekket. Trekket over Gravdalen er plassert slik det går fram av merkeprosjektet grunna terrengformasjonar og dyra sin måte å lese terrenget på. Det fylgjer terrenget slik det har gjort i tusnar av år, bekrefta av kulturminner som teiknar bilete av villreinen sine opphavlege trekk før menneskelege inngrep reduserte dyras områdebruk. Kraftverket er planlagt i nedre del av Gravdalen, Gravdalsbakkane er eit lokalt namn. Sjølve Gravdalen held fram austover. Namnet kjem av ei rekke dyregraver som er plassert nettopp her. Dyregravene vart plassert i dei aller viktigaste trekka, der ein var sikker på at dyra ville kome forbi. Å anta at dyra vil finne alternative trekkrouter vitnar om mangel på innsikt i villreinen sine rørslemønster. Ulike trekk kan ikkje erstatte kvarandre. Dei kanalisere ferdsle frå ulike delar av området og har ulike funksjonar i høve ulike sesongar. Tidleg på våren er Gravdalstrekket absolutt sentralt, der det bitt saman område aust-for og vest-for Gravdalen. GPS-plotta syner at reinen ikkje held fram langsetter Dyrkollvatnet. Då hjelp det ikkje at me i vår menneskelege visdom meiner at dei kan gå der.


I tillegg til aktivitet knytt til sjølve kraftverket fryktar me vegtilkomsten frå anleggsvegen til Kvevotni og ned til tunellpåsletet. I dag går det ein enkel traktorveg ned her. Traktorvegen er berre litt meir enn eit køyrespor, og skapar ikkje barrierar. Ein anleggsveg vil måtte leggjast slakare, og med det med større behov for murar og skjeringar. Dette vil skape nye fysiske barrierar, plassert midt i trekkruta.

Det vert lagt stor vekt på at tiltaket vil betre moglegheitene for kryssing av den kanaliserte elva nedanfor Dyrkollvatnet. Planane gjer at ein vil unngå slipp i elva om vinteren, noko som i dag skapar open elv som kan vere vanskeleg å krysse. Den positive effekten av dette er overdriven. Elva er open i ein periode då området har liten bruk av dyr. Det er vår, sommar og haust som har flest kryssingar, og det er våren som er den desidert mest sårbare tida. Vinterslippet vert gradvis redusert utover tidleg-våren, og elva har normalt tørka ut slik at ein har fått is/snødekke ila mars. Dette er tilstrekkeleg til at simler enkelt kryssar elveleiet om våren.

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

Det vert argumentert med at arbeidet i all hovudsak vil skje inne i fjell. Men tunellpåslaget nede i Gravdalen vil ligge midt i det mest sentrale trekkområdet. Strekninga der ein vil legge ned kabel kryssar tvers over den strekninga svært mange dyr har kryssa i sitt trekk over Gravdalen. Desse trekka er bekrefta ettertrykkeleg i gps-merkeprosjektet. Data frå kalvingsperioden syner og ei rekke plott også nede i sjølve Gravdalen, dvs. der kraftstasjonen skal lokaliserast, og med det riggområde og plass for utkjøring av massar. Det vert understreka at utgreiarane av KU rapporten for tema villrein ikkje hadde gps-data tilgjengeleg, dette datasettet er kome fram i ettertid.

NVE legg vekt på at anleggsarbeidet vil falle saman med anleggsarbeidet knytt til rehabilitering av dam Kvevotni, og at dette vert «formildande» for konsekvensen. Realiteten er etter vår vurdering motsett. Forsking syner at villrein har ulike tålegrensar for forstyrring, slik at åtferden til dyra vert endra når samla forstyrring når ulike terskelnivå (Strand et al 2010 og Strand et al 2013). Me fryktar at anleggsarbeidet i Gravdalen i stor grad vil forsterke den negative effekten av anleggstrafikken etter vegen til Kvevotni. Det at det også er uro nede i Gravdalen når det pågår arbeid på Kvevassdammen vil dessutan kunne skape ein synergieffekt som gjer at heile strekninga mellom Kvevatnet og yttergrensa av villreinområdet vert opplevd som utrygt.



Figur 2: Terskelnivå for respons på forstyrring. Figur henta frå NINA Rapport 551 (Strand et al 2010).

Den auka aktiviteten kan i verste fall vere det som gjer at forstyrringane når eit nytt terskelnivå, slik at tilleggsaktiviteten utgjer forskjellen mellom å forseinke og redusere trekket til å skape ei fullstendig barriere som gjer at bruken av området opphøyrer heilt i anleggstida. Me vil protestere mot påstandane til Østfold energi om at kraftverksbygging og driving av tunnell frå Gravdalen berre vil gje ei mindre auke i anleggsaktivitet i området sett i høve til renoveringa av dam Kvevotni. Tunellpåslaget vil ligge nede i Gravdalen, og ein planlegg å køyre ut tunellmassane nettopp herfrå.

Villrein nyttar dei ulike funksjonsområda i periodar over fleire år (avhengig av kor rikt området er/kor lang tid det tek før beita vert nedslitne), alt frå 3-4 til 10-15 år. Desse periodane er oppbrotne av lengre pausar, der vegetasjonen kan byggje seg opp att, også dette i varierende tidsintervall (for lavbeiter kan det gå opp til 20 – 30 år). Kalvingsområda som no vert aktivt nytta vil truleg være viktige i fleire år framover. Men ved opphør av bruk grunna forstyrring over 3 år fryktar me at «tradisjonen» er brote, slik at dyra ikkje vil gjere seg nytte av desse kalvingsområda att før neste syklus inntreffer, dvs. at

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

ressursen som eit svært godt kalvingsland er øydelagt i mange år frametter, ikkje berre dei 3 anleggsåra.

Villreinnemnda og villreinutvalet vil fråå konsesjon for nytt kraftverk i Gravdalen. Me er skuffa over at forslag til alternativ plassering av kraftverk nede i Øydalen, helde fram av villreinutvalet ikkje er greia grundigare ut (sjå figur 3). I Øydalen kjem ein utanfor både kalvings- og trekkområdet for rein med både kraftverk og utførsleline. Dette står fram som einaste alternative måte å utnytte dei falla ein no ynskjer, utan at dette går utover vesentlege naturverdiar.

Me ser dei planlagde inngrepa som nok ein jafs i bit-for-bit utbygginga av villreinområdet. Mykje av målet med å etablere regionalplanar i villreinområda er å unngå nettopp bit-for-bit utbyggingar. Dersom den omsøkte utbygginga vert tillate fryktar me ei vidare utvikling der ein igjen ser på moglegheita for å utnytte urørte mindre vatn vidare innover, slik ein gjorde i tidlegare, no skrinlagde planar. Med ei ny 66 kv-line frå Gravdalen vil det ligge godt til rette for å hente ut endå meir straum frå området, då det nye kraftverket ikkje vil trenge meir enn 1/3 av linekapasiteten.



Figur 3: Framlegg til kraftverkslokalisering frå villreinutvalet der ein kjem utanom kalvingsland og utanomviktige trekkvegar for rein. Kartgrunnlag: www.fylkesatlas.no

Innstillinga om tildeling av konsesjon vert opplevd som eit alvorleg brot på nasjonale føringar innan miljøvernpolitikk, og særleg innan den nasjonale villreinforvaltninga. Dersom ein tillet bygging av eit nytt kraftverk i eit sentralt kalvingsområde og eit særskilt viktig trekkområde vil det være merknadsverdig. Det vil slå foten under målsettinga i dei regionale villreinplanane, og det syner ein total ignoranse i høve kunnskap henta fram av høgt anerkjende forskarmiljø. Me vil understreke at villreinforvaltning ikkje handlar om lokale interesseorganisasjonar sine synspunkt, men om eit nasjonalt og internasjonalt ansvar nedfelt m.a. i St.meld.nr. 21, 2004-2005, Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.

Avbøtane tiltak:

Me vil nytte høve til å halde fram dei mest vesentlege av dei vurderte avbøtande tiltaka.

Det er svært viktig at brøytekanthane vert lagt ned over breide sonar i felt der rein vanlegvis kryssar vegen. Desse sonane lyt peikast ut i felt av lokalkjende som kjenner detaljane i villreinen sine trekkruiter nettopp her.

For å sikre trekket til kalvingsområda og skape ro kring kalvinga kan ein ikkje gå i gang med arbeid i området før i juli månad. For villrein vil det truleg ha større konsekvensar å ha anleggsarbeid i Gravdalen frå 1. mai i 3 år enn at anleggsarbeidet vert utvida til å gå over 4 år. I fagrappporten om konsekvensar for villrein er det teke som ein føresetnad at anleggsarbeidet berre går føre seg i den

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

tida vegen er naturleg framkommeleg.: «I praksis vil dette si fra første halvdel av juli til begynnelsen av november». Med denne perioden tilgjengeleg er arbeidet vurdert å ta tre år.

Det bør settast ned eit naturforvaltningsfond for bruk i forvaltning og forskning knytt til villrein. Momentet er nemnd av NVE under overskrifta «Merknad til konsesjonsvilkåra», men ikkje framsett som tilrådd vilkår. Me meiner dei kostnadane tiltaket vil ha for villreinstamma klårt forsvarar å sette av midlar til eit slikt fond.

Med helsing Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og Nordfjella villreinutval

Martin Lindal
leiar villreinnemnda

Siri Wølneberg Bøthun
sekretariat villreinnemnda

Lars Nesse
leiar villreinutvalet

Harald Skjerdal
sekretariat villreinutvalet

Kopi til:

Miljøverndepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 Oslo
Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
NVE, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger
Lærdal kommune, Postboks 83, 6886 Lærdal
Norsk villreinsenter Sør, Skinnarbu, 3660 RJUKAN
Villreinrådet v. Øystein Landsgård, 3630 Rødberg
Østfold energi Borgund kraftverk, 6888 Borgund

Litteraturreferansar i teksten:

Strand, O., Gundersen, V., Panzacchi, M., Andersen, O., Falldorf, T., Andersen, R., Van Moorter, B., Jordhøy, P. og Fangel, K.. 2010. Ferdsel i villreinens leveområder. NINA Rapport 551. 101s.
Strand O., Flemsæter, F., Gundersen, V. og Rønningen K. 2013. Horisont Snøhetta. NINA Temahefte 51. 99s.
Eftestøl og Colman 2008. Utbygging av Gravdalen kraftstasjon og regulering av Finnebuvatnet. Fagrapport Villrein. Vedlegg til konsesjonssøknad v. Østfold Energi, oktober 2008
Strand, O., Jordhøy, P., Mossing, A., Knudsen, P. A., Nesse, L., Skjerdal, H., Panzacchi, M., Andersen, R. og Gundersen, V. 2011. Villreinen i Nordfjella, status og leveområde. NINA rapport 634, 71 s. + vedlegg